



Universitetet i Bergen (UiB) er eit internasjonalt anerkjent forskingsuniversitet med over 14 000 studentar og vel 3500 tilsette ved seks fakultet. Vi held til midt i hjarte av Bergen og har våre røter tilbake til grunnlegginga av Bergens Museum i 1825. Vårt viktigaste bidrag til samfunnet er framifrå grunnforskning og utdanning over ei stor fagleg breidde.

Overingeniør/avdelingsingeniør - Linux serverdrift

Ved IT-avdelinga er det ledig ei stilling som overingeniør / avdelingsingeniør - Linux serverdrift.

IT-avdelinga skal produsere og levere IKT-tenester til studentar og tilsette som effektivt står opp under universitetet sine målsettingar og verdiar. IT-avdelinga skal vere ein felles ressurs for heile UiB.

Avdelinga har eit aktivt og kompetent miljø. Vi leverer eit breitt spekter av IT-tenester innan brukarstøtte, applikasjonar og infrastruktur, basert på sentraliserte driftsopplegg. Avdelinga har tatt i bruk ITIL-rammeverket for organisering av tenesteleveransar.

Stillinga vil liggje i seksjon for infrastruktur, faggruppe Unix. Seksjonen har ansvar for drift, overvaking, utbygging og utvikling av klientdrift, serverdrift, lagring, tryggleikskopiering, nettverk og telefoni. Seksjonen driv også med 2. linje brukarstøtte innan sine fagfelt.

Stillinga skal dekke desse hovudfelta:

- Drift og installasjon av RedHat EnterpriseLinux Server
- Scripting i samband med installasjon og driftsoppgåver
- Avansert feilsøking på Linux
- Sikkerheit på linux tenarar

Vi ønskjer at den vi skal tilsetje har kompetanse på drift i stor skala, inkludert teknikkar for automatisering av slik drift. Det er viktig at søkjarane er sjølvstendige, har gode samarbeidsevner, er serviceinnstilte, har evne til å styre prosjekt, og har gode evner til å kommunisere munnleg og skriftleg på norsk og engelsk. Det er også viktig med evne til å byggje gode relasjonar internt og eksternt. Vi vil leggje vekt på personlege eigenskapar som gjer søkjaren skikka til stillinga.

Søkjarar må ha høgare utdanning, sivilingeniøreksamen eller universitetseksamen (master), eller tilsvarende kvalifikasjonar oppnådd ved lengre praksis og relevant etter- og vidareutdanning.

Løn etter lønssteg 51-60 (kode 1087 - overingeniør) etter kvalifikasjonar. For særleg godt kvalifiserte søkjarar kan høgare løn vurderast.

Dersom det ikkje melder seg kvalifiserte søkjarar for stillinga som overingeniør, vil det verte vurdert å tilsetje ein person som avdelingsingeniør. Søkjarar av stilling som avdelingsingeniør må ha ingeniørutdanning frå høgskule eller tilsvarende utdanning (til dømes bachelor), eller tilsvarende kvalifikasjonar oppnådd ved allsidig relevant praksis og tilstrekkeleg etter- og vidareutdanning.

Avdelingsingeniør vert løna etter lønssteg 36-51 (kode 1085/LR22.1-8) etter tenesteansiennitet.

Kvinner vert spesielt oppmoda til å søkje. For overingeniør gjeld at dersom fleire søkjarar vert vurdert til å ha tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvotering i Personalreglementet for tekniske og administrative stillingar verte følgde.

Kvinner vert spesielt oppmoda til å søkje. For overingeniør gjeld at dersom fleire søkjarar vert vurdert til å ha tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvotering i Personalreglementet for tekniske og administrative stillingar verte følgde.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til:

seksjonssjef Jan Kristian Walde Johnsen på tlf. 55 58 42 38, epost: jan.johnsen@adm.uib.no

gruppeleiar for faggruppe Unix Egil Pedersen, tlf. 55 58 40 61, epost egil.pedersen@adm.uib.no

IT-avdelinga si heimesida på <http://www.uib.no/it> gir nærare informasjon om oppgåvene ved IT-avdelinga.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarakgrunn. Personar med innvandrarakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Søknad og CV skal sendast elektronisk via link på denne sida "Søk denne stilling" til Universitetet i Bergen. Kopi av vitnemål og attestar skal berre sendast dersom du får melding om det.

Søknadsfrist: 18.05.2012

Søknaden skal merkast: 12/4344

Jobbnorge-ID: 83017, Søknadsfrist: Avsluttet